

Vedlegg 3: Tal på personar med psykisk utviklingshemming for kommunar som blir rørte av grensejusteringar og/eller samanslåingar

Det gjerast oppmerksam på at frå og med 1.1.2024 vil dagens 1507 Ålesund kommune bli delt i to nye kommunar: 1508 Ålesund kommune og 1580 Haram kommune. Grensene mellom kommunane følger grensa for Haram kommune før kommunane ble slått sammen frå 1. januar 2020. Endringar i kommunestruktur får konsekvensar for inntektssystemet. Vi ønsker derfor at kriteriedata som blir levert følgjer kommunestruktur gjeldande frå og med 1. januar 2024.

Det er per i dag ikkje vedtatt nokon grensejusteringar gjeldande frå 1. januar 2024.

Verken Helsedirektoratet eller Kommunal- og distriktsdepartementet har oversikt over om personar med psykisk utviklingshemming i den enkelte kommune er rørt av grensejusteringane. Det er heller ikkje opplagt at en person med psykisk utviklingshemming som blir rørt av en grensejustering vil ha vedtak om tenester i den nye bustadkommunen, kva kommune som ev. skal tilby tenester og korleis ev. tenester skal finansierast.

Bustadkommunen per 1.1.2023 vil derfor legg til grunn for kriteriet *Tal på personar med psykisk utviklingshemming* i inntektssystemet for 2024, uavhengig av om personar med psykisk utviklingshemming blir rørt av en grensejustering eller ikkje.

Det vises i den forbindelse til dagens praksis når en person med psykisk utviklingshemming flytter til en ny bustadkommune. Det er vanlig at tilflyttingskommunen og fråflyttingskommunen samarbeider og har et økonomisk oppgjer i forbindelse med denne prosessen.

Dersom en person med psykisk utviklingshemming får ny bostedskommune som følge av en grensejustering, anses det å være tilsvarende situasjon. Det forventast derfor at den gamle og den nye bustadkommunen vurderer behov for et ev. oppgjer og gjer opp seg imellom dersom en person med psykisk utviklingshemming blir rørt av en grensejustering.

For nærmare informasjon om dagens praksis når en person med psykisk utviklingshemming flytter til ny bustadkommune, viser vi til følgande dokumenter:

- [IS-2442 Veileder for saksbehandling - Tjenester etter helse- og omsorgstjenesteloven §§ 3-2. første ledd nr. 6, 3-6 og 3-8, punkt 1.2.2 og punkt 1.2.3](#)
- [Rundskriv I-43/99 Ansvaret for å yte pleie- og omsorgstjenester til sterkt pleietrengende ved flytting mellom kommuner](#)
- [Rundskriv I-6/2013 Om kommunenes ansvar ved opphør av avtale med en annen kommune om kjøp av helse- og omsorgstjenester utenfor institusjon.](#)

Ny bustadkommune for personar med psykisk utviklingshemming som følgje av en grensejustering vil fanges opp i inntektssystemet frå 2024.